



Besøkssenter
Folgefonna nasjonalpark

UNDERVISNINGSMATERIELL

TIL UTLÅN



PRAKTISK INFORMASJON TIL SKULAR OG BARNEHAGAR

Sara nonås langhelle

Fagleiar natur ved Folgefonnssenteret

Tlf | 93632292 |

E-post | sara@folgefonnssenteret.no

PRAKTISK INFORMASJON

FOR SKULAR OG BARNEHAGAR I KVINNHERAD, ULLENSVANG OG ETNE KOMMUNAR!



BAKGRUNNSINFORMASJON

Folgefonnsenteret har undervisningsmateriale til utlån, med mål om at utstyret kan vere ein ekstra ressurs i uteundervisninga. Kombiner gjerne eit undervisningsopplegg hjå oss med lån av ein utstyrskasse.

Undervisningsopplegg tilpassar de sjølve etter læreplan og egne behov. Vedlagt ligg det informasjon om kvar utstyrskasse, kva den inneheld og forslag til undervisning. Nokre aktuelle kompetansemål er løfta fram.

PRAKTISK GJENNOMFØRING

Kassen kan de enkelt låne ved å senda mail til sara@folgefonnsenteret.no. Det er ein førsetnad at utstyret er ledig i den aktuelle tidsperioden.

Legg ved følgjande informasjon i e-posten:

- Namn på skulen og telefonnummer til kontaktperson.
- Kva utstyr de ynskjer å låne.
- Når de ynskjer å hente utstyret, og dato for tilbakelevering.

1. DYR I SKOGEN

INNHALD I KASSEN

- Viltkamera
- Hovudskalle frå rev og hjort
- Skinn frå hjort, rådyr, reinsdyr og rev
- Gevir frå hjort og rådyr
- Bilete av unge og vaksne dyr
- Bilete av ekskrement
- Bilete av spor og sporsteikn – korleis veit vi at det er ein hjort som har vore her?

FORSLAG TIL UNDERVISNING

Hovudskallane kan brukast til å sjå forskjell på tennene til ein kjøttetar og ein drøvtyggar. Skinna kan brukast for å lære forskjellen på dei ulike hjortedyra. Visste du at alle tre finst på Folgefonnhalvøya?

VILTKAMERA

Me vil gjere merksam på at det finst mange reglar for kvar ein kan plassera eit viltkamera. Datatilsynet har ein vegleiar på sine nettsider, og du finn han ved å trykkja [her](#). Kort oppsummert skal viltkamera plasserast i utmark med grunneigars løyve, eventuelt i eigen hage. I utmark bør viltkamera plasserast der det er usannsynleg at menneske ferdast.

LÆREPLANMÅL

Naturfag etter 2. trinn: “Utforska eit naturområde i nærmiljøet og beskriva korleis organismar er tilpassa området, og kvarandre”.



2. METEOROLOGI

MÅLING, OBSERVASJON OG REGISTRERING AV METEOROLOGISK DATA



INNHALD I KASSEN

- Vindmålar: måler vindstyrke og vindretning
- Vêrstasjon: baro-, hygro- og termometer.
- Nedbørsmålar med stativ
- Observasjonsskjema
- Skyatlas, vindskala og temperatur

FORSLAG TIL UNDERVISNING

Diskuter kva som er forskjellen på vêr, klima og klimaendringar. Korleis påverkar vêret Folgefonna? Kva er gjennomsnittstemperaturen i vårt område, og veit du kvar Noregsrekorden for nedbør i løpet av eitt døgn fann stad?

LÆREPLANMÅL

Naturfag etter 2. trinn: "Planleggje og gjennomføre undersøkingar av vêr og himmelfenomen og samanlikne målingar, observasjonar og verteikn gjennom året".

3. FUGLEKASSEN



INNHALD I KASSEN

- Fuglemater med kamera
- Stor fuglematstasjon
- Plakat av stand- og trekkfuglar
- Fugleatlas
- Fuglebamsar
- Fuglebøker
- Puslespel (for dei minste)

FUGLEMATAR MED KAMERA

Me vil gjere merksam på at det finst mange reglar for kvar ein kan plassera eit viltkamera. Datatilsynet har ein vegleiar på sine nettsider. [Trykk her for å gå til vegleiaren.](#)

FORSLAG TIL UNDERVISNING

Observasjon og registrering av fugleartar. Kan kombinerast med å snekre eigne fuglekassar, lage fuglemat eller ha tema om trekkfugl.

Visste du at li- og fjellrypa er nær truga? Og kva vil det seie at ulike artar hamnar på raudlista? Kvifor er det slik at nokre (trekk)fuglar kjem igjen år etter år?

4. STRANDKASSE

FISKE OG DISSEKERING, TANG & TARE, SKJELL OG SALTVASSDYR

INNHALD I KASSEN

- Fiskevekt, meterstokk og linjal
- Røykeomn med røykespon
- Store kar til oppbevaring av fisk og sjødyr
- Håv og tangrive
- Bestemmingsdukar (sjå side 7)
- Strandhåv
- Plansjar om fiskeanatomi og K-faktor tabell.

FORSLAG TIL UNDERVISNING

Fiske og fangst: La elevane få prøve seg med fiskesnøre (ikkje del av innhaldet i kassen) og bruk fangsten i matlaging. Prøv røykeomnen, eller samle strandsniglar og kok dei på primus. Først kan fisken dissikerast, og ved hjelp av ulike plansjar kan ein studere fisken sin anatomi.

Artsjakt: Jakt på ulike arter i strandsona. Kor mange ulike skjell og tangartar klarer de å samle?



KVA BETYR FJORDEN FOR OSS?

Bruk dei historiske linjene for å gå nærare inn på kva fjorden har betydd og betyr for oss; både i fortid, notid og framtid. Under er det lista opp nokre tema som kan vere aktuelle å undersøkje nærare.

- Fjorden som ferdselsveg
- Trebåtbygging
- Fiske- og foredlingsindustri
- Fjorden som matfat
- Berekraftig matproduksjon?
- Kva skjer når temperaturen endrar seg?
- Framande arter

5. BIOLOGISK MANGFALD

INNHALD I KASSEN

- To store mikroskop
- Samleboksar med forstøringsglas
- Bestemmingsduk for insekt og blad.
- Bestemmingsnøkkel for insekt og blad
- Forstøringsglas
- Miniatlas, puslespel og “skogkoping”
- Insekthåv
- Plakat over humler, bier og maur
- Digitalt mikroskop

FORSLAG TIL UNDERVISNING

Biologisk mangfold er eit stort og viktig tema. Korleis kan vi best mogeleg ta vare på dei artane vi har? Kva skjer dersom villbiene forsvinn, og klarar du å skilje mellom blad frå hassel og lønn?

Å jakte på ulike arter pleier å vere spennande for dei fleste. Kor mange ulike arter klarer klassen å samle? Kanskje de kan gjennomføre ei ruteanalyse?

MIKROSKOPERING

Å samle inn objekt for å studere dei i mikroskop seinare er spennande for både liten og stor. Me låner ut både vanlege mikroskop og eit digitalt som kan koplast til PC eller storskjerm. Elevane treng nok litt hjelp til å stille inn mikroskopa.

LÆREPLANMÅL

Naturfag etter 2. trinn: “Utforska eit naturområde i nærmiljøet og beskriva korleis organismar er tilpassa området, og kvarandre”.



ANNA UTSTYR

BESTEMMELSESDUKAR

- 2 x tang og tare
- 2 x sopp
- 3 x bladduk
- 1 x tre og busker
- 1 x smådyr i skog og mark
- 2 x smådyr på land
- 1 x smådyr i ferskvatn
- 1 x saltvassdyr på hard og blaut botn

BESTEMMELSESØKLAR

- 3 x busker og trær
- 1 x smådyr i saltvatn
- 1 x smådyr i ferskvatn
- 1 x smådyr på land



BØKER

- Morro med vær/Morro med vann, Eli Kari
- Fjellflora
- Livet i fjæra, Mortensen & Svensen
- 2 x Havets mysterier, Røed & Svensen
- Dyreliv i havet, Moen & Svensen
- Min første fuglebok, Anja Baklien
- Min første strandbok, Anja Baklien
- Plukk! Studèr! Spis!, Johansen & Moseng
- Insektenes planet, Sverdrup-Thygeson.

ANNA

- 5 x mikroskop
- Plakater: Maur, humler & bier
- Plakater: Stand- og trekkfugl